
Saknr: 2020/279-1
Saksbehandlar: Atle Skrede og Hanne Espe

Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		13.02.2020

Dagsturhytter i Vestland for perioden 2019-2021

Forslag til vedtak

1. Hovudutval for kultur, idrett og integrering løyver kr 200.000 til dagsturhytter i kommunane Samnanger, Stord, Kvam og Fjell, jf retningsliner vedtekne i Fylkesutvalet i Hordaland fylkeskommune 30.08.2019.
2. Hovudutvalet for kultur, idrett og integrering vedtek retningslinene for dagsturhytter i Vestland fylke for perioden 2019-2021 slik det er skissert i saka dagsett 30.08.2019.
3. Fylkesdirektør kultur, idrett og inkludering får delegert mynde til å løyve resterande sum frå løyvinga for 2020, kr 1.200.000,- . Det skal løyvast til seks hytter der kvar løyving er kr 200.000,- Vedtaka vert å melde til Hovudutval for kultur, idrett og integrering.

Samandrag

Fellesnemnda vedtok i juni 2019 *Anleggspolitik og kriterier for tildeling av spelemidlar til anlegg for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv for Vestland fylkeskommune med handlingsprogram 2020 - 2024*. Jf tiltak 8 skal dagsturhytteprosjektet først vidare i alle kommunane i Vestland.

Fylkestinget i Hordaland løyvde i sak 28/19, 12. juni 2019, kr 2 mill. til prosjekt «dagsturhytter» i Hordaland. I sak til Fylkesutvalet 30.08.2019 vart det vedteke å slutte seg til ein skissert modell for prosjektet, samt at dei 2 mill. som vart løyvd for 2019 skulle nyttast til bygging av 10 hytter.

Det vart sendt ut invitasjon til kommunane i dåverande Hordaland om å søkje om tilskot til bygging av dagsturhytter. Det vart stilt krav om politisk vedtak og det var løpande søknadsfrist seinast innan 15. desember. Det kunne søkjast om tilskot til ei hytte i kvar kommune etter gjeldande struktur i 2019. Det kom inn søknad om tilskot til 14 hytter, fordelt slik:

Kommune	Antal	Tildelt
Bømlo	1	2019
Sveio	1	2019

Bjørnafjorden (Os og Fusa)	2	2019
Vaksdal	1	2019
Kvinnherad	1	2019
Masfjorden	1	2019
Alver (Radøy, Lindås og Meland)	3	2019
Samnanger	1	
Stord	1	
Kvam	1	
Fjell	1	

I samsvar med vedtak i fylkesutvalet 30.08.2019 vart det løyvd tilskot til dei ti første kommunane som søkte om deltaking i dagsturhytteprosjektet innan fristen. Av omsyn til framdrifta i saka vart dette gjort som administrative vedtak. Tilskota vart utbetalt i løpet av desember 2019, kr 200.000,- til kvar av hyttene. Parallelt med fylkeskommunalt tilskot fekk kommunane gåvebrev frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane på kr 100.000,- til kvar av hyttene.

Fire søkjarar, kommunane Samnanger, Stord, Kvam og Fjell, var ikkje mellom desse ti. Saka gjeld løyving til desse søkjarane og nye søkjarar som kjem til i 2020.

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør

Britt Karen Spjeld
seksjonssjef idrett og friluftsliv

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Vidareføring av Dagsturhytteprosjektet i kommunane i tidlegare Hordaland. Fylkestinget løyvde i sak 28/19, 12. juni 2019, kr 2 mill. til prosjekt «dagsturhytter» og i Fylkestinget i Vestland 17. desember 2019 vart det løyvd nye kr 2 mill. til 2020.

Politisk sak august 2019

Fylkesutvalet i Hordaland vedtok 30.08.2019 å slutte seg til ein skissert modell for prosjektet (saksframlegg og protokoll lagt ved). I finansieringsmodellen er det lagt til grunn ein totalpris på kr. 1.000.000 for kvar hytte; fylkeskommunalt tilskot på kr. 200.000, gåve frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane på kr. 100.000, tildeling av spelemidlar på inntil 1/3 av kostnaden og kommunal eigendel på kr. 367.000. Kommunen er tiltakshavar og mva-kompensasjon er avhengig av prosjektkostnaden. Kostnader til grunnarbeid og arbeid på uteområde rundt hytta kjem i tillegg, og er ikkje ein del av prosjektet.

I utlysinga av anbod vil det settast eit tak på denne summen for hytte med lys og varme. Det vert opsjon på sanitæranlegg, og pris for dette vil kome etterkvart. Fylkeskommunen sørgjer for anbudsutlysing og innstilling av leverandør. Kvar kommune skal sjølve skrive avtale med leverandør etter mal gitt av fylkeskommunen.

Føringar for hyttene;

- Kommunane kan velje å nytte seg av tilbodet.
- Kvar kommune (etter gjeldande struktur i 2019) kan søkje om ei hytte, med unnatak av Bergen som kan søkje om fleire.
- Prosjektet må planforankrast i kvar kommune for å kunne søkje om spelemidlar.
- Lys og varme vil vere prosjektert inn i hyttene for å auka bruken heile året.
- Sanitæranlegg vert tilrådd knytt til dei hyttene der ein i samråd med kommunen ser det vil bli eit behov.
- Det er ønskeleg med eit bibliotek i hyttene og ein plan for ulike arrangement.
- Opparbeiding av turløyper til hyttene, og merking og gradering av desse må vere ein del av prosjektet.
- Det er ønskeleg å knytte kulturminne til dagsturhyttene der det ligg til rette for dette.
- Det er ønskeleg med brei medverknad i høve prosessane kring plassering, opparbeiding og drift.
- Nokre av hyttene bør vere universelt utforma.
- Plakettar med logo skal vere i følgje mal utarbeidd av fylkeskommunen; vere smakfulle i storleik og ha med namn på kommunen, i tillegg til dei som er med å finansiere og ev. andre aktørar som medverkar til oppføringa.

Det har vore stort engasjement i saka, både frå kommunar, friluftsansjasjonar og politikarar. Administrasjonen har jobba med komande konkurranseutlysing for leverandør av hytta, samt informasjonsarbeid til kommunane. Det er så langt søkt om tilskot til 14 hytter i tidlegare Hordalandskommunar.

Informasjonsmøte 22. januar

Vestland fylkeskommune gjennomførte informasjonsmøte i Bergen 22. januar for kommunane som skal etablere dagsturhytter. Møtet vart streama slik at alle kommunane hadde høve til å følgje møtet. I tillegg deltok ulike friluftsansjasjonar som kan få ansvar for tilsyn og drift av hyttene. Svært mange kommunar deltok og møtet var viktig for god framdrift i prosjektet.

Organisering

Det er oppretta ei styringsgruppe:

Vestland fylkeskommune, Alexander Fosse Andersen (SP)

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane, Pål Fidjestøl

Alver kommune, Eirik Utne, kultursjef

Sveio kommune, Linn Therese Erve (AP), ordførar

Vestland fylkeskommune, Avd. for kultur, idrett og inkludering er sekretariat for gruppa.

Styringsgruppa hadde første møte i etterkant av informasjonsmøtet den 22. januar.

Arbeidsgruppa består av representantar frå ulike avdelingar i Vestland fylkeskommune, Ungdommens fylkesutval, Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane, Bjørnafjorden kommune og Kvinnherad kommune og Forum for natur og friluftsliv.

Framdriftsplan:

- 1. februar - Utlysing av prekvalifisering til å delta i anbodskonkurranse
- 20. februar - Frist prekvalifisering
- 27. februar - Frist utsending av dokument til godkjende tilbydarar
- 3. mars - Skype - møte for godkjende tilbydarar
- 30. mars - Frist for å levere anbud
- 15. april - Innstilling klar
- 22. april - Frist karenstid
- 17. mai - Kommunane (første 20) har signert kontrakt

Frist for å takke nei til å delta i prosjektet er sett til 25. februar.

Statusoppdatering for framdrift og montering er delt i tre kategoriar pr. 28.01.2020 og fordelar seg slik (basert på tidlegare kommunestruktur som politisk sak la opp til):

Politisk vedtak i kommunen, har søkt og fått innvilga fylkeskommunal støtte jamfør budsjettmidlar 2019 og 2020	Har sett i gang politisk prosess i kommunen og vil ha politisk handsaming før sommaren 2020 og skal søke om fylkeskommunalt tilskot	Uavklart når politisk prosess vert sett i verk/vurderer å takke nei til tilbud om dagsturhytter/ fylkeskommunen har ikkje fått tilbakemelding	Tentativ plan for montering	Ønskt plan frå kommunane for montering
14 kommunar	14 kommunar	7 kommunar	2020 - 5 2021 - 18 2022 - 12	2020 - 11 2021 - 14 2022 - 6
Lindås, Meland, Radøy, Fusa, Os, Bømlo, Kvam, Kvinnherad, Masfjorden, Samnanger, Stord, Sveio, Vaksdal, Fjell	Austevoll, Austrheim, Bergen (inntil 3 hytter), Etne, Fedje, Fitjar, Modalen, Jondal, Odda, Ullensvang, Granvin, Voss	Askøy, Eidfjord, Osterøy, Tysnes, Ulvik, Sund, Øygarden		

Vedtakskompetanse

Hovudutval for kultur, idrett og integrering

Vurderingar og verknader

Økonomi: Fylkestinget 17. desember løyvde kr 2 mill. til dagsturhytter for 2020. Prosjektplanen avdekkar trong for vidare fylkeskommunale løyvingar for 2021, til saman kr 7 mill. for prosjektperioden 2019-2021.

Klima: Nærfriluftsliv er eit satsingsområde som reduserer klimaavtrykket frå folk sine fritidsaktivitetar. Ei rekkje tiltak er sett i verk frå ulike aktørar for å styrke arbeidet med tilrettelegging i nærmiljøet.

Folkehelse: Dagsturhytteprosjektet er eit folkehelseiltak og i samsvar med Meld. St. 19 (2018-2019) «Folkehelsemeldinga - Gode liv i eit trygt samfunn» med strategiar for å styrke folkehelsearbeidet og legge til rette for sunne helseval.